

24/08/2017



Hendingsrik sommar

Vi ser tilbake på ein hendingsrik sommar. Det har vore stor droneaktivitet over heile landet. Dei aller fleste har teke omsyn til omgivnadene sine og operert forsvarleg. Det er likevel viktig å sjå opp for helikopter og fly som kjem inn for landing. Det er strengje krav til separasjon til bemanna luftfart, og det som kan verke som god avstand for ein dronepilot kan kjennast svært nærgåande for ein helikopterpilot. Helikopter som opererer nærme bakken har ei rekkje ting å forhalde seg til når hen skal tre seg innimellom kraftlinjer, veg og andre hindringar.

Me beklagar at nettlisterne våre ikkje er oppdaterte. Dette skuldast ein systemfeil i spørjinga og vi jobbar med å få det på plass og listene oppdatert før 1. september. Vi ser at dette er til stor ulempe for operatørar, dersom oppdragsgivar bruker listene for å finne nokon som kan utføre jobben.

Telefontid

Vi har hatt telefontid i sommar, det har fungert bra og vi har pr. i dag ingen operatørar som ventar på godkjenning. Vi kjem derfor til å vidareføre ordninga til og med 01.10.2017. Du når oss på telefon tysdagar og torsdagar mellom klokka 14.00 og 16.00. Me beklagar ulempa dette måtte føre med seg.

Vi har sjukdom i seksjonen, noko som gjer at vi må jobbe enda smartare enn det vi har gjort så langt. Når det gjeld RO1 så ligg vi med ein restanse på rundt 500. Dette beklagar me, men vil legge ned ein innsats for å få vekk denne så effektivt som overhode mogleg. Vi jobbar med å finne både kortsiktige løysingar og løysingar som vil fungere på sikt.

Rapporter på ulovleg flyging

Ulovleg flyging. Vi vil i løpet av hausten køyre ein kampanje mot ulovleg flyging, vi kjem tilbake til det i neste tryggleiksblad. [Vi ønsker rapporter på ulovlig flyging her.](#)

Vi vil med dette beklage at vi ikkje kan kome med ei tilbakemelding til dei som rapporterar. Me undersøker no kvar ei einaste sak me får på bordet. Luftfartstilsynet vil også påpeike at både bransjorganisasjonar og enkeltoperatørar kan anmelde forhold der droneoperatørar set luftfart i fare og flyg ulovleg. Her oppfordrar vi til ein felles dugnad for vår alle sin tryggleik.



Velkomne til konferansen "Sikker Integrasjon av Droner" (SID), høsten 2017

Luftfartstilsynet ønskjer alle droneengasjerte hjarteleg velkomne til årets konferanse Sikker Integrasjon av Droner (SID). Tema for konferansen: Framtida er ubemanna, dato: 20 september frå 10.30- 18.30, i Luftfartstilsynets sine lokale i Bodø

Påmeldingsfrist: fredag 1. september

[Program vil kome 15. september](#)

På SID freistar vi å heve blikket og tenkje nokre lange tankar saman. Vi ønskjer å høyre meiningar frå industrien og få tilbakemeldingar på kva vi kan gjere betre, annleis og meir effektivt. Korleis kan vi saman skape ei stabil og trygg næring som kan integrerast med annan luftfart? Vi vil også få lov til å fortelje dykk litt om kva vi jobbar med og kva planar vi har framover.

Kva vil du få?

- Full gjennomgang av EASAs regelverksforslag (Notice of Proposed Amendment, NPA).
- Full gjennomgang av forskriftsendringa slik den ligg føre eksternhøyringa.
- Interessante foredrag frå industrien.

Kva kan du bidra med?

Har du ønske om å bidra med eitt innlegg, då er du hjarteleg velkomen til det. Du sender då tema og tida du ønskjer til bhd@caa.no og skriv INNLEGG SID i emnefeltet. Vi ønskjer mange tilbakemeldingar og god debatt, og då treng vi akkurat deg! Program vil verte publisert 15. september.

Praktisk informasjon

Det vil vere kaffi, te og snacks tilgjengeleg under møtet. Kvar enkelt kjøper lunsjen sin sjølv.

Av plassomsyn må vi avgrense oss til dei 60 første påmeldte. På grunn av kapasiteten i seksjonen (FUL) har vi avgrensa SID til ein dag i år.

[Klikk her for å melde deg på](#)

Besøksadresse:

Luftfartstilsynet Sjøgata 45 - 47 Bodø, Nordland 8001 Norway

[Slutt å motta Sikkerhetsbrev fra Luftfartstilsynet](#)

[Twitter](#)

[Facebook](#)

[Luftfartstilsynet.no](#)

